<input checked="" type="checkbox"/> Vi forplikter oss å stille med nødvendig kompetanse i tiltaket <input checked="" type="checkbox"/> Ansvarlig prosjekterende erklærer at prosjekteringen skal være planlagt, gjennomført og kvalitetssikret i henhold til pbl <input checked="" type="checkbox"/> Ansvarlig utførende erklærer at arbeidet ikke skal starte før det foreligger kvalitetssikret produksjonsunderlag for respektive del av utførelsen <input checked="" type="checkbox"/> Ansvarlig kontrollerende erklærer uavhengighet, jf. SAK10 § 14-1, og vil redegjøre for endringer som kan påvirke uavhengigheten	
Ansvarlig foretak	Ansvarlig søker for tiltaket
Foretak	Foretak
Ståle Berge Vvs AS	Conplan AS
Dato	Dato
31.07.2014	22.08.14
Underskrift	Underskrift
<i>Ståle Berge</i>	<i>Idar Moldskred</i>
Gjentas med blokkbokstaver	Gjentas med blokkbokstaver
STÅLE BERGE	IDAR MOLDSKRED

Vedlegg nr.

G-

Side

1 av 1



Søknad om ansvarsrett

etter plan- og bygningsloven

Søknaden gjelder							
Eiendom/ byggested	Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bolignr.	Kommune
	34	22		5			HERØY
Adresse				Postnr.	Poststed		
Igesundvegen 20				6090	FOSNAVÅG		

Foretak			
Foretak			Organisasjonsnr.
Nordvest Miljø as			984070640
Adresse		Postnr.	Poststed
Tverrveien 23 B		6020	ÅLESUND
Kontaktperson		Telefon	Mobiltelefon
Lasse Moldskred		70 17 48 80	90 07 14 05
E-post			
Lasse@nvm.no			

Ansvarsområde							
Funksjon (SØK, PRO, UTF, kontroll)	Beskrivelse av ansvarsområdet	Tiltaks- klasse	Våre samsvarserklæringer/kontrollerklæringer vil foreligge ved: (sett X)				
			Søknad om ramme- tillatelse	Søknad om igangsettings- tillatelse/ ett-trinns søknad	Søknad om midlertidig brukstillatelse	Søknad om ferdigattest	
PRO	Ventilasjon	1		X			
UTF	Ventilasjon	1				X	
		3					

Godkjenning av foretak	
Foreligger sentral godkjenning innenfor ansvarsområdene?	<input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
Dekkes ansvarsområdet av sentral godkjenning	<input checked="" type="checkbox"/> Helt <input type="checkbox"/> Delvis <input type="checkbox"/> Nei
Hvis delvis, beskriv det som ikke dekkes (Er det behov for ytterligere plass, beskriv i eget vedlegg):	
	Vedlegg nr. G-
Hvis nei eller delvis, legg ved "Vedlegg til søknad om ansvarsrett der foretaket ikke har sentral godkjenning".	
	Vedlegg nr. G-

Erklæringer og underskrifter	
Foretaket er kjent med reglene om straff og sanksjoner i pbl kap 32 og at det kan medføre reaksjoner dersom det gis uriktige opplysninger.	
<input checked="" type="checkbox"/> Vi forplikter oss å stille med nødvendig kompetanse i tiltaket	
<input checked="" type="checkbox"/> Ansvarlig prosjekterende erklærer at prosjekteringen skal være planlagt, gjennomført og kvalitetssikret i henhold til pbl	
<input checked="" type="checkbox"/> Ansvarlig utførende erklærer at arbeidet ikke skal starte før det foreligger kvalitetssikret produksjonsunderlag for respektive del av utførelsen	
<input type="checkbox"/> Ansvarlig kontrollerende erklærer uavhengighet, jf. SAK10 § 14-1, og vil redegjøre for endringer som kan påvirke uavhengigheten	
Ansvarlig foretak	Ansvarlig søker for tiltaket
Foretak	Foretak
Nordvest Miljø as	CONPLAN AS
Dato	Dato
27.08.2014	27.08.2014
Underskrift	Underskrift
<i>Lars Petter Moldskred</i>	<i>Idar Moldskred</i>
Gjentas med blokkbokstaver	Gjentas med blokkbokstaver
LARS PETTER MOLDSKRED	IDAR MOLDSKRED

Søknad om ansvarsrett

etter plan- og bygningslova

Søknaden gjeld							
Elgedom/ byggjestad	Gnr.	Bnr.	Feslenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bustadnr.	Kommune
	34 22			5			Henry Kommune
	Adresse			Postnr.	Poststed		
	Fosnavåg			6090	Fosnavåg		

Føretak							
Føretak						Organisasjonsnr.	
Kvalvik Elektro AS						997461053	
Adresse				Postnr.	Poststed		
Yggvundvegen 20				6090	Fosnavåg		
Kontaktperson				Telefon	Mobiltelefon		
Helge Kvalvik				700 88639	91369 858		
E-post							
helge e kvalvik - elektro .no							

Funksjon (SØK, PRO, UTF, kontroll)	Beskriving av ansvarsområdet	Tiltaks- klasse	Våre samsvarserklæringer/kontrollerklæringer vil ligge føre ved: (set X)			
			Søknad om ramme- løyve	Søknad om igangsetjings- løyve/ eittstegs-søknad	Søknad om mellombels bruksløyve	Søknad om ferdigattest
PRO	Brannalarm, nødlyt og ledelyt Brannalarmanlegg					
UTF	Installasjon av brann- alarm, nødlyt og ledelyt. Brannalarmanlegg					

Godkjenning av føretak	
Ligg det føre sentral godkjenning innanfor ansvarsområda?	<input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei
Er ansvarsområdet dekt av sentral godkjenning	<input type="checkbox"/> Helt <input type="checkbox"/> Delvis <input checked="" type="checkbox"/> Nei
Dersom delvis, beskriv det som ikkje er dekt (Er det behov for meir plass, beskriv i eige vedlegg):	
	Vedlegg nr. G-
Dersom nei eller delvis, legg ved "Vedlegg til søknad om ansvarsrett der føretaket ikkje har sentral godkjenning".	
	Vedlegg nr. G-

Erklæringer og underskrifter	
Føretaket er kjent med reglane om straff og sanksjonar i pbl kap. 32 og at det kan medføre reaksjonar dersom det er gitt urette opplysningar.	
<input checked="" type="checkbox"/> Vi forpliktar oss til å stille med nødvendig kompetanse i tiltaket <input checked="" type="checkbox"/> Ansvarleg prosjekterande erklærer at prosjekteringa skal vere planlagt, gjennomført og kvalitetssikra i medhald av pbl <input checked="" type="checkbox"/> Ansvarleg utførande erklærer at arbeidet ikkje skal starte før det ligg føre kvalitetssikra produksjonsunderlag for respektive del av utføringa <input type="checkbox"/> Ansvarleg kontrollerande erklærer seg uavhengig, jf. SAK10 § 14-1, og vil gjere greie for endringar som kan påverke dette	
Ansvarleg føretak	Ansvarleg søker for tiltaket
Føretak	Føretak
Kvalvik Elektro AS	CONPLAN AS
Dato	Dato
17-14	24.08.14
Underskrift	Underskrift
Helge Kvalvik	Idar Moldskred
Gjenta med blokkbokstavar	Gjenta med blokkbokstavar
HELGE KVALVIK	IDAR MOLDSKRED

FORSKRIFT

Forskrifta, datert 24.05.2010, gjeld for handsaming av byggesaker og andre tiltak etter plan- og bygningslova(PBL).

Regulativet er heimla i plan- og bygningslova § 33-1. Den er vedteken av Herøy kommunestyre den 24.06.2010, K-sak 110/10, og gjeld frå 01.07.2010. Forskrifta erstattar forskrift om gebyrregulativ vedteken av Herøy kommunestyre i K-sak 63/99.

BYGGESAKER:

Gebyret er hovudsakleg oppbygd av to element - eit grunnbeløp, og eit arealgebyr som fangar opp meirarbeidet som fylgje av storleiken på bygget/tiltaket. Gebyrsatsane går fram av eit eige dokument.

§ 1 Gebyret dekkjer

Sakshandsaming av byggesaker, førehandskonferansar, plassering og høgde på bygningar utifrå innsende teikningar, mellombels bruksløyve / ferdigattestar og tilsyn inkludert ev. bruk av sakkyndig bistand. Det vert i tillegg kravd gebyr for handsaming av søknad om ansvarsrettar, føretaksgodkjenning, dispensasjon og eventuell utstikking/kontroll av utstikking. Faktura skal sendast til tiltakshavar. Andre avtalar kan gjerast med utviklingsavdelinga.

§ 2 Betalingsplikt

Alle som får utført tenester etter dette regulativet skal betale gebyr. Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadato. Ved for sein betaling vert kravet tillagt kr 50,- for kvar purring og påslag av renter. Fakturaen skal betalast pr. forfall utan omsyn til kva tid byggjearbeidet vert sett i gang, eller om det i det heile vert sett i gang.

§ 3 Tidspunkt for fastsetjing av gebyr

Gebyret skal utreknast snarast etter at vedtak er gjort. Dette gjeld søknadar og meldingar av alle slag.

§ 4 Kombinerte bygg

Dersom bygget har fleire funksjonar/føremål, vert gebyret utrekna etter dei einskilde føremåla.

§ 5 Mellombelse bygningar

Ved mellombelse bygg etter § 20-2 c) i PBL skal det betalast fullt gebyr.

§ 6 Lokal godkjenning av føretak/ansvarsrett

For handsaming av ansvarsrettar generelt skal det reknast eitt gebyr pr. tiltak. Dette skal fakturerast tiltakshavar.

Der søknad om lokal godkjenning av føretak kjem inn i etterkant av at byggesøknad er godkjent, skal det reknast eit eige gebyr pr. føretak som skal dekke handsamingskostnaden dette medfører.

§ 7 Avslag på søknad

Byggesaker: For vedtak som medfører avslag skal det betalast berre grunnbeløp for tiltak opp til 200 m² bruksareal (BRA). Bygg over 200 m² BRA skal i tillegg betale kr 1,00 pr. m² over 200. Der det ligg føre dispensasjonssøknad som krev politisk handsaming, skal dette fakturerast i tillegg etter ordinære satsar.

DISPENSASJON FRÅ AREALPLAN, PLAN- OG BYGNINGSLOV OG VEDTEKT

§ 8 Søknad om dispensasjon

For søknad om dispensasjon skal det betalast eit gebyr i samsvar med gebyrsatsane.

Gebyret kjem i tillegg til gebyr for bygge-/frådelingssak.

ELLES GJELD FOR SAKER ETTER DETTE REGULATIV:

§ 9 Andre tilhøve

Tiltakshavar må dekke kostnader som følgje av tilhøve og / eller undersøkingar etter lov om kulturminne, plan- og bygningslova § 28-1 om m.a. byggjegrund og miljøtilhøve, og plan- og bygningslova § 29-1 og 29-2 om bistand knytt til estetiske vurderingar. Tiltakshavar må også dekke eventuelt andre særskilte utgreingar som måtte bli pålagt som følgje av tiltaket sitt omfang.

Byggetiltak til allmennyttige føremål for frivillege organisasjonar og liknande, får redusert gebyret til det halve av fastsette satsar.

§ 10 Urimeleg gebyr

Dersom gebyret t.d. vert vurdert som svært urimeleg i høve til dei kostnadar kommunen har hatt med saka, eller urimeleg av andre grunnar, kan utviklingsleiar fastsette gebyr i høve til dette etter skriftleg grunnngjeven søknad.

§ 11 Klagerett

Fastetjing av gebyr i ei einskild sak etter regulativet, kan ikkje påklagast, jf. § 40 i forvaltningslova.

Utviklingsleiararen si avgjerd etter søknad om reduksjon av gebyr kan påklagast etter reglane i forvaltningslova.

§ 12 Regulering av gebyret

Storleiken på gebyr etter desse reglar skal vurderast kvart år i samband med budsjettarbeidet. Administrasjonen skal legge forslag til justering av gebyret fram for politisk handsaming.

Utviklingsavdelinga

		2014	2014	2014	2014
GEBYRREGULATIV for byggesaker for Herøy kommune - 2014 Alle areal er oppgitt i BRA		Grunn beløp	Gebyr pr. m ² BRA	Gebyr pr. m ² 0 - 200	Gebyr pr. m ² > 200
1	[Ingen registrering]				
2	BUSTAD- OG FRITIDSBYGG ei brukseining, (inkl. garasje, etc.)	kr 973	kr 23		
3	BUSTAD- OG FRITIDSBYGG Rekke, kjede, atrium-, horisontaldelt, o.l	kr 973	kr 25		
4	BUSTAD- OG FRITIDSBYGG Tilbygg/påbygg	kr 973	kr 27		
5	BUSTAD- OG FRITIDSBYGG Ombygging(endra bruksareal), bruksendring	kr 973	kr 7		
6	BUSTAD- OG FRITIDSBYGG Fasadeendring, skifte av vindauge, tak og lignende	kr 973	kr -		
7	ANDRE BYGG § 20-1 Nybygg	kr 973	kr -	kr 48	kr 16
8	ANDRE BYGG § 20-1 Til og påbygg	kr 973	kr -	kr 25	kr 11
9	ANDRE BYGG § 20-1 Omb/bruksendr	kr 973	kr -	kr 16	kr 11
12	MELLOMBELSE BYGNINGAR - FULLT GEBYR tilsvarende ANDRE BYGG § 20-2	kr 973	kr -	kr 52	kr 14
13	REV.TEIKNINGAR/TILLEGG/ENDRINGAR, FORNYABYGGELØYVE	kr 973	kr -	kr 5	kr 7
14	RIVING AV BYGG OG ANLEGG Bygg < 100 m2	kr 973	kr -		
15	RIVING AV BYGG OG ANLEGG Bygg > 100 m2	kr 973	kr 5		
16	HEIS, TEKN.INNSTALL., SKILT, STØTTEMURAR, MASTER,	kr 973			
17	PIPER/FYRINGSANLEGG	kr 716			
18	UTANDØRSANLEGG (Anlegg av ein viss storleik som krev utvalshandsaming)	kr 3 388			
19	ANLEGG I STRANDSONA. HAMNER/FISKERIANLEGG, Nyanlegg , MOLO,KAI, FLYTEBRYGGE	kr 1 263			
20	ANLEGG I STRANDSONA. Søknad om justering, fornying av løyve	kr 973			
21	ANDRE SØKNADSPLIKTIGE TILTAK ETTER § 20 (kan vere mindre bygg, div. anlegg m.m)	kr 973			
22	UTPLASSERING AV BYGG/ANLEGG	kr 2 863			kr 8
23	KONTROLL AV UTSTIKKING	kr 1 344			kr 5
24	SØKNAD OM GODKJ. AV FORETAK Har ikkje sentral godkj.1. gongs gebyr	kr 2 219			
25	ANSVARRETTAR	kr 1 070			
26	SAKSHANDSAMING AV LOKAL GODKJENNING, i etterkant av godkj. byggemeld, pr. godkj.	kr 530			
27	SØKNAD OM IGANGSETTINGSLØYVE eit gebyr pr. søknad	kr 1 645			
28	SØKNAD OM DISPENSASJON (handsaming i hovudutval, tiltak som ikkje må på høyring)	kr 973			
29	SØKNAD OM DISPENSASJON (handsaming i hovudutval (F-sak / FPL) tiltak som må på høyring)	kr 5 464			
30	AVSLAG PÅ SØKNAD JFR § 20	kr 973			kr 4
SAKSHANDSAMINGSGEBYR - SØKNAD OM FRADELING / GRENSEJUSTERING m.m					
1	Sakshandsamingsgebyr frådelingssøknad / tilleggsareal / grensejustering				
SEKSJONERINGSGEBYR					
1	SEKSJONERING, ikkje utført synfaring, 3 x "rettsgebyret", vert justert i samsvar med rettsgebyret	x * 3			
2	SEKSJONERING, utført synfaring, 5 x "rettsgebyret", vert justert i samsvar med rettsgebyret	x * 5			
SAKSHANDSAMINGSGEBYR I DISPENSASJONSSAKER (K-SAK 97/2002)					
1	SAKSHANDSAMINGSGEBYR I DISPENSASJONSSAKER (K-SAK 97/2002)	kr 5 305			
Ark:					



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	EFLÅ	Arkivsaknr:	2013/6
		Arkiv:	26/164

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
126/14	Maritim og teknisk komite	09.12.2014

LARS CONRADI ANDERSEN OG ÅSE MARIE REMØY - 26/164 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSFØRESEGNENE TIL RP 26 LEINE 1 - VEDR UTNYTTINGSGRAD, BYGGELINJE MOT NABO OG ETASJEANTAL.

Tilråding frå rådmannen:

Maritim og teknisk komite gjev med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå utnyttingsgrad, byggegrensar og etasjeantall i Reguleringsplan Leine 1, med sikte på oppføring av einestad med integrert garasje på gnr 26, bnr 164.

Dispensasjonen vert gjeve med følgjande vilkår:

- A. Utnyttingsgrad for tiltaket skal vere maks 25,3 % - parkeringsarealet skal inngå i berekningsgrunnlaget, jf TEK10 kap 5.
- B. Det skal ikkje etablerast dør på fasade aust – plan 01 1 etg.

Grunngjeving for dispensasjon:

Den aktuelle tomte er liten og noko vanskeleg å utnytte som bustadtomt etter dagens behov. Tomta er bratt og smal. Utbyggjar har funne eit bygg og ei plassering på tomte som likevel gjer det mogleg å bidra til at ei ferdig regulert tomt vert bebygd. Eksisterande reguleringsplan for er av eldre karakter og gjenspeglar ikkje fullt ut dagens behov for nyetableringar. Tiltaket er tilpassa terrenget på ein slik måte at det ikkje medfører vesentleg ulemper for naboeigedomane.

Ein vurderer det slik i denne saka at det er klart større fordelar emd å gi dispensasjon enn ulemper, basert på ei heilsakpleg vurdering. Ein kan heller ikkje sjå at omsyna det vert dispensert frå vert vesentleg tilsidesatt i denne saka.

Særutskrift:

Lars Conradi Andersen og Åse Marie Remøy, Verket 8, 6091 Fosnavåg
Bucci Arkitektur & Design as, Pb 21, 6067 Ulsteinvik
Per Inge Remøy, Leinebakkane 6, 6094 Leinøy
Bjørn Halfdan Leine, Løypevegen 6, 6012 Ålesund

Vedlegg:

- 01 - Søknad om rammeløyve og dispensasjon
- 02 - Grunngjeving for dispensasjon frå søkar/tiltakshavar
- 03 - Situasjonsplan
- 04 - Planteikningar
- 05 - Snitt teikningar
- 06 - Perspektiv
- 07 - Merknad frå Per Inge Remøy
- 08 - Spesifisering av merknad frå Per Inge Remøy
- 09 - Merknad frå Bjørn Halfdan Leine
- 10 - Reguleringsføresegner Leine 1
- 11 - Kartutsnitt gjeldande reguleringsplan

Saksopplysningar:

Bakgrunn:

Bucci Arkitektur & Design as søker på vegna av Lars Conradi Andersen og Åse Marie Remøy rammeløyve for oppføring av ny einebustad på eigedomen gnr 26, bnr 164 på Leinane i Herøy kommune. I den forbindelse vert det søkt om dispensasjon frå reguleringsføresegnene til RP 26 Leine 1.

1. Dispensasjon frå utnyttingsgrad på tomte frå 20% BYA til 25,3% BYA.
2. Dispensasjon frå byggelinje mot aust frå 4,0 m til 1,0 m med garasjedelen av tiltaket.
3. Dispensasjon frå etasjeantall frå 2 etg. til 3 etg.

Søknadsprosessen:

Det er gjennomført møte med Lars Conradi Andersen der kommunen orienterte om status på tomte, jf ref. 07.01.2013 og førehandskonferanse i saka den 13.06.2014. Ansvarleg søkar, Bucci Arkitektur& Design as, deltok på førehandskonferansen.

På møtet vart det presentert krav til bebyggelse på eigedomen med bakgrunn i dei skissene som vart presenterte. Andersen og ansvarleg søkar vart orienterte om kva som måtte søkast dispensasjon for i forhold til gjeldande reguleringsplan og tilhøyrande føresegner. Det vart også opplyst om at ein evt. dispensasjon måtte politisk handsamast.

Den 17.10.2014 vart det sendt inn søknad om rammeløyve og dispensasjon for omsøkt tiltak, einebustad i moderne form med integrert garasje. Søknaden var komplett og inneheldt merknader frå 2 av naboeigedomane. Begge merknadane var kommentert av søkar. I forbindelse med gjennomgang av dispensasjonssøknaden og dei innkomne merknadane har Herøy kommune bede om ei utdjuping av merknaden frå Per Inge Remøy. Dette for at saka skal vere tilstrekkeleg opplyst inn mot politisk behandling, jf pbl § 21-4. Det vart sendt kopi av dette til Andersen og ansvarleg søkar. Per Inge Remøy kom med presisering av sin merknad og saka vart klar til førebuing inn mot MTK den 12.11.2014.

Nabomerknader:

Merknad frå Per Inge Remøy:

Per Inge Remøy er nabo mot aust og kjem med følgjande merknader til omsøkt byggetiltak:

1. Reagerer på høgda på huset som er 9,30 meter. I og med det er rette veggar heilt opp og i huset si lengderetning, blir det som ein vegg på ca. 18 meter vendt mot huset vårt. P. g. a. at huset har si lengste lengde nord - sør, vil dette ta vekk mykje av utsikta og kveldssola for oss. I henhold til reguleringsplanen er det 2 etasjer som er lov. Vi ber om at dokke tek hensyn til dette, e. v. t. fjerner fremste del av 3 etasje.

2. Har også merknad inn mot ein inngått naboavtale – i avtalen er det avtalt at det ikkje skal anleggast opphaldsareal mot aust. Remøy stiller spørsmål om det er vindu eller dør som er tenkt ut mot dette arealet.

Søkars kommentarar til merknadane:

1. Omfattar forhold som er gjort greie for i grunngjevinga som ligg ved søknad om dispensasjon. Det er lite areal på tomta. Andre slike dispensasjonar er gitt i same område. Reguleringsplanen er gamal og det er i dag nye krav til bygg og utnytting av areal. Det er viktig å bygge ut ferdig utbygde bustadfelt.

2. Omfattar avvik i teikningsmatriellet som også vil kunne gripe inn i privat avtale mellom partane. Denne merknaden er berettiga. Perspektivet er ikkje samsvarande med fasadeteikningane då det er plukka frå ein eldre versjon av prosjektet. Dette er retta opp i søknaden om rammeløyve. Arealet er dermed planert i nivå med nabo sin terrasse, men ikkje direkte tilgjengeleg innanfrå og dermed lite egna til utendørs opphald. Sjå vedlegg "LCA_ terreng 2 - Sheet - 12 - Perspektiv 2". Vi sender også ved det nabovarsla perspektivet, for ordens skyld.

Merknad frå Bjørn Halfdan Leine:

1. Reagerer på auke i utnyttingsgrad frå 20% til 25,3% - tiltakshavar har valgt feil tomt i forhold til behov og hus.

2. Reagerer på omsøkt 3 etg. og det flate taket på bygget. Huset vert ruvande frå sør og ikkje i stil med bebyggelse på nabotomtene.

Søkars kommentarar til merknadane:

Søkar kommenterar merknaden til Bjørn Halfdan Leine med at desse treng ingen ytterlegare kommentarar enn det som ligg i grunngjevinga som ligg ved søknaden om dispensasjon i saka.

Spesifisering av merknad frå Per Inge Remøy:

Ved gjennomgang av merknadane vart det for kommunens sitt vidare arbeid med søknaden naudsynt med ei presisering av den eine merknaden frå Per Inge Leine. Han skreiv: «I henhold til reguleringsplanen er det 2 etg som er lov. Vi ber om at dokke tek hensyn til dette, evt fjerner fremste del av 3 etg»

For at saka skal vere godt nok opplyst ba kommunen altså om ei presisering av dette .

Per Inge Remøy kom då med ei presisering der han konkret skriv:

Vi ønsker at minimum 4 meter av fremre del av 3 etasje vert fjerna (dersom det blir gjeve dispensasjon til 3 etasjer). Øverste etasje vil då starte på linje med veggen på den minste arka vår . Vi har då muligheit til å få sjå litt av himmelen i frå stova, der dei fleste vindua er vendt mot vest. Og frå altanen vil vi få meir kveldsol. Slik teikningane er no, med full lengde på 3 etasje, vil dette verte veldig dominerande og ta all utsikt mot vest frå oss. Mykje av grunnen til at vi bygde her, var den flotte utsikta.

I og med at vi har ein avtale om bygging av delar av garasje innanfor 4 meters grensa (med forbehold), ber vi om at det vert teke hensyn til dette.

Søkar, som også fekk kopi og vart varsla om dette behovet for å spesifisere merknaden, kom med følgande kommentar:

Per Inge Remøy har inngått ein avtale med tiltakshavar basert på teikningar som viser eit hus som er 2,75m lenger framme enn det som er omsøkt, for øvrig med alle høgder og breidder i behold. Dette burde vere eit tilstrekkeleg stort bidrag i den retning han ynskjer seg, særleg når hans påstandar om kveldssol og himmelsyn ikkje er reelle. Tvert om, han oppnår meir himmel og kveldssol ved den omsøkte versjonen, enn ved den som danna grunnlaget for naboavtalen.

Elles trur eg det ikkje har kome klart nok fram for han at begrepet 3. etasje er ein teoretisk storleik då dette tradisjonelt ville vore 2. etasje sidan sokkeletasje ikkje telte med...

Kommunens vurdering av merknadane og saka:

Det er søkt om å få føre ein einebustad med integrert garasje i underetasjen på gnr 26 bnr 164. Bygget er teikna i 3 etg. i eit moderne formspråk og med flatt tak. Tomta ligg i eit etablert /regulert bustadområde. Den ligg i øvre rekke og har ingen bygg i bakkant.

Omsøkt bygg, med 3 etg. er slik rådmannen ser det ikkje til vesentleg ulempe for nokon av naboeigedomane og bygget representerer eit formspråk som avspeglar dagens moderne byggeskikk.

Kommunens kommentar vedr dispensasjon frå BYA:

Den aktuelle tomte i området er lita, smal, bratt og kan vere vanskeleg å utnytte som bustadtomt.

Rådmannen vurderer det likevel at det kan etablerast einebustad på tomte trass i begrensingane. Tiltaket vil bidra til å fortette bustadmassen over ei regulert tomt i eit etablert bustadfelt. Eksisterande reguleringsplan for området er av eldre karakter, og gjenspeglar ikkje dagens krav for bustadareal ved nyetablering av einebustader.

Tiltaket er tilpassa terrenget sjølv om det legg opp til eit spenstig uttrykk. Ein har prøvd å minimalisere ulemper for tilgrensande eigedomar med omsyn til tap av utsikt, solforhold m.v. Med bakgrunn i ovannemnde vurderer rådmannen det slik at ei

utnytting av tomta på BYA = 25,3 % (inkludert parkering) vil vere tilrådeleg og tilfredstillande med omsyn til grad av utnytting på eigedomen.

Rådmannen er samd med søkjar i at tomta si utforming og terrenget på staden gjer den vanskeleg å utnytte i tråd med intensjonane i gjeldande reguleringsplan. Som det tidlegare har vore nemnd er utnyttingsgraden på 20 %BYA. Ofte var lav BYA i eldre planar eit teikn på at ein ville sikre gode utomhusareal og sikre ei luftig utnytting av byggjefeltet.

Tiltaket er søkt om med ei utnyttingsgrad på 25,3 % BYA noko administrasjonen ser på som ikkje noko stort avvik i forhold til dagens nye bygg og utnyttingsgrad i nye planar. Ei slik utnyttingsgrad vil etter vår vurdering ikkje vesentleg tilsidesette omsyn bak den regulerte utnyttingsgraden på BYA 20 %. Ein vurderer det til at vilkåra for å gje dispensasjon frå utnyttingsgrada er tilstades.

Tiltaket vil bryte noko med kringliggjande bygningar når det gjeld gjeld utsjånad, men det er eit moderne formtrykk med gode materialvalg.

Kommunens kommentar vedr dispensasjon frå etasjehøgde:

I gjeldande reguleringsplan for Leine 1 er det opna opp for 2 etg. Med dei utfordringane som ligg i å føre opp bustad på denne tomta vil ein med å føre opp ei 3 etasje gi rom for å bygge eit moderne bustadhus tilpassa dagens behov. Ein vil vise til at 1 etasje i sin heilhet vert nytta til parkering. På den måten vil ein oppnå å dekke kravet til parkering, gjesteparkering og snuplass på eiga tomt. Garasjen i 1 etasje er i dette prosjektet utforma slik at ein skal kunne snu inne i garasjen. Denne løysinga tilseier at det er klart overvekt av fordelar knytt til å gi dispensasjon frå 2 til 3 etasje.

Merknaden der nabo vil ha fjerna fremste del av 3 etasje for å kunne meir kveldssol, sjå meir av himmelen og soleis ikkje miste all utsikt mot vest vert ikkje tatt til følgje. Ein viser til at tiltakshavar og nabo har inngått ein privat avtale som der del av bustaden, garasjedelen, skal kunne ligge 1,0 m frå naboeigedomen. Med ei slik plassering vil heile bygget verte trekt bakover på tomta og på den måten sikre naboen tilfredstillande solforhold, himmel- og utsikt mot vest. Dagens byggelinje i gjeldande plan gjev rom for å føre opp bygg lenger framme på tomta enn kva som er omsøkt i denne saka.

Viktige faktorane som skal vektleggast ved plassering av hus er m.a. høgde, utsikt, lys, nabo, omkringliggjande miljø og branntryggleik. I retningslinjene for pbl §29-4 er det vist til at tiltakshavar sine ønsker skal imøtekomast der det ikkje er avgjerande grunnar som talar imot dette. Med avgjerande grunnar meiner ein då ei plassering og ei høgde som ikkje medfører vesentleg til ulempe for nabo.

Bestemmelsen gir ikkje heimel for å avslå plassering, men for å vurdere alternative moglegheiter. I denne saka har tiltakshavar, slik rådmannen ser det gått i dialog med nabo og presentert ei høgde og plassering som er til det beste for nabo. Huset er trekt så langt bak på tomta som mogleg mot at garasjedel/innkøyring kan førast opp 1,0m frå nabo, under bakken.

Det er vanskeleg å fastsette om huset med 3 etasjer og ei plassering 1,0 m frå nabogrensa vil medføre vesentleg tap av utsikt og sol. Når det gjeld det branntekniske forutsett rådmannen at dette er på plass og ein del av byggesaka.

Inngått avtale mellom nabo og utbygger regulerer tilgjengeleg uteopphaldsareal mellom eigedomane. Av teikningane av huset vil ein sjå at den del av 3 etasje som nabo i aust vil ha fjerna ikkje inneheld vindu av noko slag. Dette arealet gir altså ikkje innsyn mot nabo.

Gjeldande reguleringsplan seier ikkje noko konkret om høgde til møne eller gesims. Dette betyr at det er plan -og bygningslova sine høgdebestemmelsar som er gjeldande – 8 m til gesims og 9 m til møne. Omsøkt prosjekt ligg innanfor desse høgdena, med sine 3 etasjer målt frå gjennomsnittleg planert terreng.

Kommunens kommentar vedr dispensasjon frå Pbl § 29-4:

I denne konkrete saka er det inngått ein privat avtale som gir utbygger rett til å etablere bygget 1,0 m frå nabobyttet. Denne plasseringa opnar opp for at heile bygget kan plasserast lenger bak på tomta og såleis bidra til at nabo får betra sine sol og utsiktsforhold. Rådmannen les dette som at utbygger har gått for ei alternativ plassering og at denne er lagt fram for nabo. På bakgrunn av tomta sin karakter er der få alternative plasseringar. Utbyggjar har så langt som råd prøvd å minimalisere evt.ulempar for nabo.

Etter ei samla vurdering vil rådmannen rå til at det vert gjeve dispensasjon som omsøkt. Ein vurderer det til at tiltaket ikkje tilsidesett føremålet og det er klart større fordelar med å gi dispensasjon enn ulemper.

Konklusjon:

Rådmannen rår til at det vert gjeve dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan, Leine 1 og tilhørande reguleringsføresegner for oppføring av einebustad med integrert garasje på gnr 26, bnr 164.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Ingen

Konsekvensar for økonomi:

Ingen

Fosnavåg, 25.11.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eivind Flåskjer

Søknad om rammetillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1

01



Søknaden gjelder

Opplysninger gitt i søknad eller vedlegg til søknaden, herunder oppretting eller endring av matrikkelenhet, vil bli registrert i matrikkelen.

Eiendom/Byggested

Kommune	Gnr.	Bnr.	Adresse
Herøy i Møre og Romsdal	26	164	Ukjent, 6091 FOSNAVÅG

Tiltakets art

Søknadstype	Tiltakstype	Næringsgruppekode	Bygningstypekode	Formål
Rammetillatelse	Nytt bygg - Boligformål	X Bolig	111	bolig garasje

Tiltakshaver

Partstype	Navn	Adresse	Telefon
privatperson	Lars Conradi Andersen og Åse Marie Remøy	Verket 8, 6091 FOSNAVÅG	97712412

e-postadresse
lars.conradi.andersen@havyard.com

Ansvarlig søker

Navn	Organisasjonsnummer	Adresse	Kontaktperson
BUCCI ARKITEKTUR & DESIGN AS	994495585	Pb. 21, 6067 ULSTEINVIK	Iver-Olaf Grimstad

Telefon	Mobiltelefon	e-postadresse
70309630	41233955	iver@bucci.no

Varsling

Tiltaket krever nabovarsling
Det foreligger merknader fra naboer eller gjenboere

Antall
2

Søkers vurdering av merknader

Kommentar på nabomerknader fra Per Inge Remøy og Bjørn Halfdan Leine, som til informasjon begge blei sendt etter 14 dagar fristen:

Bjørn Halfdan Leine sine merknadar treng ingen ytterlegare kommentar enn den grunngevinga som ligg ved søknaden om dispensasjon.

Per Inge Remøy sine merknadar kan delast inn i to grupper:

- 1.Omfattar forhold som det er gjort greie for i grunngevinga som ligg ved søknaden om dispensasjon.
- 2.Omfattar avvik i teikningmateriellet som også vil kunne gripe inn i privat avtale mellom partane. Denne merknaaden er berettiga.

Perspektivet er ikkje samsvarande med fasadeteikningane då det er plukka frå ein eldre versjon av prosjektet.

Dette er retta opp i søknaden om rammeløyve. Arealet er dermed planert i nivå med nabo sin terrasse, men ikkje direkte tilgjengeleg innanfrå og dermed lite eigna til utendørs opphald. Sjå vedlegg "LCA_terreng 2 - Sheet - 12 - Perspektiv 2". Vi sender også ved det nabovarsla perspektivet, for ordens skyld.

Følgerebrev

G.nr/B.nr 26/164 ligg øverst oppe i Leinebakkane på Leiane i Herøy kommune. Tomta er smal, bratt og sør/vestvend med tilkomst i den nedre kortenden. Den ligg i eit etablert bustadfelt med bygg frå ulike tidsperioder og varierende stilart. Tomta er på 738m² men er berre ca. 18m brei, med 4m avstand til nabogrensene i vest og aust er det ingen andre val enn å orientere huset på tvers av kotene for å få plass. Garasja har vi integrert i huset på kjellarnivå for å frigjere eit minimum av uteopphaldareal mot sør/vest. For å kunne utnytte dagslysinnfallet i kjellararealet er innkøyringa til garasjen lagt mot bytet til nabo i aust. Bakanforliggende garasje blir då liggande nærmare bytet enn 4m, dette er regulert i eigen naboavtale. Garasjen har og nok areal til at bilar kan snu innvendig.

Bygget er i tre etasjer inklusive kjellaren, det har uteopphaldareal på tilhøyrande nivå då terrenget i ein viss grad er terrassert for dette formålet. Utvendige trapper er lagt i bytet i tilnærma opprinneleg terrengprofil.

Bygget er utforma i ein kubistisk/funksjonalistisk stilart, der «bokser» av ulike material og storleik samhandlar med sine proporsjonar i ein harmonisk 3-dimensjonal komposisjon. Ulike liv skapar balkongar, lys og skugge og gjer uttrykket variert og dynamisk.

Søknad om rammetillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



Vindusflater er nytta aktivt i komposisjonen for å aksentuere, men har i hovudsak fått si utforming og plassering basert på funksjonelle kriteria. Vi meiner denne stilarten avspeglar tidsånda og gir det beste utgangspunktet for utforming av effektive og vakre bygg.

Tiltakshavar har gjort det beste ut av ein vanskeleg tomtemessig situasjon og snudd det til sin fordel. Tiltaket vil fullkultivere tomta og løfte den opp på eit utførelsesmessig og materialvalgsmessig høgt nivå til glede for omgjevnadane. Vi meiner dette vil bidra til å oppretthalde/heve statusen og marknadsv verdien til området.

Forhåndskonferanse

Forhåndskonferanse er avholdt

Dispensasjonsøknad

Plan-og bygningsloven Kapittel 19

Det søkes dispensasjon fra bestemmelsene i: Plan- og bygningsloven med forskrifter

Begrunnelse for dispensasjon:

Denne tomta er regulert av Plan og bygningslova der gjeldande reguleringsplan ikkje skjerpar/avdempar denne. Tiltaket medfører dispensasjon frå enkelte krav i vedtektene til reguleringsplanen.

1. Dispensasjon frå krav til maksimalt 20% utnytting av nettoareal på tomta til BYA. Vi ynskjer denne utvida til 25,3%

Særlege grunnar:

-Lite areal på tomta. Ei grunnflate på 148m² med integrert dobbelgarasje, eller på knappe 100m² med ei adskild garasje er ikkje dekkande for å utvikle eit brukbart bustadprosjekt for tiltakshavar. Dette er areal som skal inkludere balkongar, ytterveggar uteboder m.m.

-Det har vore gjeve mange og meir omfattande dispensasjonar frå dette kravet i nærområdet.

-Reguleringsplanen er gamal, og nyare bustadområde har vesentleg høgare utnytting som reflekterer kommuna sitt noverande syn på arealutnytting og effektiv utnytting av infrastruktur som vegar/skular m.m.

2. Dispensasjon frå byggelinje mot aust. Krav er 4m, vi er 1m frå nabogrensa med garasjedelen på tiltaket.

Særlege grunnar:

-Lite breidde på tomta

-Nabo vil ha fordel av at huset integrerer garasje og dermed kan trekkast lenger bak, vesentleg bakanfor tilgjengeleg sørlig byggelinje

-Nabo har signert naboavtale som regulerar spesifikke vilkår for slik konstruksjon

-Alle har fordel av slik løysing

3. Dispensasjon frå etasjeantall. 2 etasjer maksimalt ynskjer vi utvida til 3 etasjer.

Særlege grunnar:

-Reguleringsplanen er eldre enn 1987, då var kjellar ikkje medrekna i etasje-antalet.

-Lite areal på tomta

4. Gesims/mønehøgde er ikkje spesifisert i vedtektene og PBL gjeld. Her er 8m gjeldande for gesims og 9m for møne, begge gjeldande frå gjennomsnitteleg planert terreng.

Vi ligg godt innanfor desse rammene. I tillegg ligg vi godt innanfor nabohusets mønehøgde.

Arealdisponering

Planstatus mv.

Type plan	Navn på plan
Reguleringsplan	Eldre reg.plan jf RP 26 Leine 1, område B8
Reguleringsformål	
Bustad	
Beregningsregel angitt i gjeldende plan	Grad av utnytting iht. gjeldende plan
%BYA	20%

Søknad om rammetillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



Tomtearealet

Byggeområde/grunneiendom	738,00 m ²
- Ev. areal som trekkes fra iht. beregningsregler	0,00 m ²
= Beregnet tomteareal	738,00 m ²

Bebyggelsen

Beregnet maksimalt byggeareal iht. plan	147,60 m ²
Areal eksisterende bebyggelse	0,00 m ²
- Areal som skal rives	0,00 m ²
+ Areal ny bebyggelse	186,50 m ²
+ Parkeringsareal	0,00 m ²
= Sum areal	186,50 m ²

Grad av utnyttning

Beregnet grad av utnyttning	25,27
-----------------------------	-------

Plassering av tiltaket

Høyspent kraftlinje er ikke i konflikt med tiltaket .

Bygningsopplysninger

	m ² BYA	m ² BRA			Antall bruksenheter		
		Bolig	Annet	I alt	Bolig	Annet	I alt
Eksisterende	0,00	0,00	0,00	0,00	0	0	0
Ny	186,50	543,30	0,00	543,30	1	0	1
Åpne arealer/Enheter som fjernes	15,20	24,80	0,00	24,80	0	0	0
Sum	171,30	518,50	0,00	518,50	1	0	1

Antall etasjer etter at tiltaket er gjennomført: 3

Krav til byggegrunn

Flom

Byggverket skal IKKE plasseres i flomutsatt område

Skred

Byggverket skal IKKE plasseres i skredutsatt område

Andre natur- og miljøforhold (pbl § 28-1)

Det foreligger IKKE fare eller vesentlig ulempe som følge av andre natur- og miljøforhold.

Tilknytning til veg og ledningsnett


Adkomst

Tiltaket gir ny/endret adkomst.

Tomta har adkomst til kommunal veg som er opparbeidet og åpen for alminnelig ferdsel. Avkjørselstillatelse er IKKE gitt.

Søknad om rammetillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



Vannforsyning

Tomta er tilknyttet privat vannverk
Beskrivelse av annen privat vannforsyning: Herøy Vasslag
Vanntilførsel krysser IKKE annens grunn.

Avløp

Tomta er tilknyttet offentlig avløpsanlegg
Avløpsanlegg krysser IKKE annens grunn.

Overvann

Takvann/overvann føres til avløpssystem

Løfteinnretninger

Løfteinnretninger

Det er IKKE løfteinnretninger som omfattes av TEK i bygningen
Ikke relevant

Vedlegg

Vedleggstype	Gruppe	Beskrivelse av vedlegget	Hvordan oversendes vedlegget?
Kvittering for nabovarsel	C	Gjenpart av nabovarsel	Ettersendes per post
Nabomerknader	C	Per Inge Remøy	Ettersendes per post
Nabomerknader	C	Bjørn Halfdan Leine	Ettersendes per post
Situasjonsplan	D	Sitplan 1:500	Ettersendes per post
Situasjonsplan	D	reg plan	Ettersendes per post
Tegning ny plan	E	Kjellarplan 1:100	Ettersendes per post
Tegning ny plan	E	1. etasje, Hovudplan 1:100	Ettersendes per post
Tegning ny plan	E	2. etasje, 1:100	Ettersendes per post
Tegning ny snitt	E	Terrengsnitt 1:200	Ettersendes per post
Tegning ny snitt	E	Snitt 1:100	Ettersendes per post
Tegning ny fasade	E	Fasader	Ettersendes per post
Situasjonskart	F	Situasjonskart frå kommuna	Ettersendes per post
Organisasjonsplan	G	Bucci Org. plan	Ettersendes per post

Søknad om rammetillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



Søknad om ansvarsrett	G	Ansvarsrett for Arkitektur Prosjektering - Bucci Arkitektur & Design AS	Ettersendes per post
Søknad om ansvarsrett	G	Ansvarsrett for SØKAR - Bucci Arkitektur & Design AS	Ettersendes per post
Søknad om ansvarsrett	G	Conplan AS - statikk	Ettersendes per post
Uttalelse fra offentlig myndighet	I	Kopi av forh. konferanse Dato 13.06.14	Ettersendes per post
Uttalelse fra offentlig myndighet	I	Reguleringsføresegner	Ettersendes per post
Annet	Q	Fullmakt for søknadsarbeid - frå tiltakshavar	Ettersendes per post
Annet	Q	Naboavtale med Per Inge Remøy	Ettersendes per post
Annet	Q	Perspektiv 2	Ettersendes per post
Annet	Q	Boligspesifikasjon	Ettersendes per post
Annet	Q	Gjennomføringsplan	Ettersendes per post
Annet	Q	Opplysningar gitt i nabovarsel	Ettersendes per post
Annet	Q	Perspektiv - sendt i nabovarsel	Ettersendes per post

Erklæring og signering

Ansvarlig søker bekrefter at hele tiltaket belegges med ansvar, og dekker kravene i henhold til plan- og bygningsloven. En er kjent med reglene om straff og sanksjoner i pbl. Kap. 32 og at det kan medføre reaksjoner dersom det gis uriktige opplysninger

Ansvarlig søker

Dato 17.10.14

Signatur Iver Olaf Grimstad

Gjentas med blokkbokstaver

Iver-Olaf Grimstad


Tiltakshaver


Dato 17.10.14

Signatur Iver Olaf Grimstad

Gjentas med blokkbokstaver

Iver-Olaf Grimstad

 arkitektur & design as
postboks 21, 6067 Ulsteinvik
Tel: 70309630 - post@bucci.no

 arkitektur & design as
postboks 21, 6067 Ulsteinvik
Tel: 70309630 - post@bucci.no

Grunngjeving for dispensasjon frå søkar:

Plan-og bygningsloven Kapittel 19

Det søkes dispensasjon fra bestemmelsene i Plan- og bygningsloven med forskrifter

Begrunnelse for dispensasjon:

Denne tomte er regulert av Plan og bygningslova der gjeldande reguleringsplan ikkje skjerpar/avdempar denne.

Tiltaket medfører dispensasjon frå enkelte krav i vedtektene til reguleringsplanen.

1. Dispensasjon frå krav til maksimalt 20% utnytting av nettoareal på tomte til BYA. Vi ynskjer denne utvida til 25,3%

Særlege grunnar:

-Lite areal på tomte. Ei grunnflate på 148m² med integrert dobbelgarasje, eller på knappe 100m² med ei adskild garasje er ikkje dekkande for å utvikle eit brukbart bustadprosjekt for tiltakshavar. Dette er areal som skal inkludere balkongar, ytterveggar uteboder m.m.

-Det har vore gjeve mange og meir omfattande dispensasjonar frå dette kravet i nærområdet.

-Reguleringsplanen er gamal, og nyare bustadområde har vesentleg høgare utnytting som reflekterer kommuna sitt noverande syn på arealutnytting og effektiv utnytting av infrastruktur som vegar/skular m.m.

2. Dispensasjon frå byggelinje mot aust. Krav er 4m, vi er 1m frå nabogrensa med garasjedelen på tiltaket.

Særlege grunnar:

-Lite breidde på tomte

-Nabo vil ha fordel av at huset integrerer garasje og dermed kan trekkast lenger bak, vesentleg bakanfor tilgjengeleg sørlig byggelinje

-Nabo har signert naboavtale som regulerar spesifikke vilkår for slik konstruksjon

-Alle har fordel av slik løysing

3. Dispensasjon frå etasjeantall. 2 etasjer maksimalt ynskjer vi utvida til 3 etasjer.

Særlege grunnar:

-Reguleringsplanen er eldre enn 1987, då var kjellar ikkje medrekna i etasje-antalet.


-Lite areal på tomte

4. Gesims/mønehøgde er ikkje spesifisert i vedtektene og PBL gjeld. Her er 8m gjeldande for gesims og 9m for

møne, begge gjeldande frå gjennomsnitteleg planert terreng.

Vi ligg godt innanfor desse rammene. I tillegg ligg vi godt innanfor nabohusets mønehøgde.

187.02 10



Sammendrag av overflaten:

g.nr./br.nr 26/164 eiendom areal	738.0m2	BRA inkl. åpne areal	543.3m2
BYA areal	186.5m2	BRA åpne areal	24.8m2
% BYA areal	25.3%		

Rnr: Revisjonsstatistikk

Rev dato

arkitekt & design as
gamlovegen 23, 6065 Distrikt
Mob 91531717 - george@uuci.no

Lars Conradi
Andersen Bustad
Heavy


Situasjonsplan

Dato:	23.08.14	Tegnet:	AL	Kontroll:	GG
Mål:	1:500	Kommune:		G.nr/br.nr:	
Sak nr.:		Tegn. nr.:		Rev.:	


187.02 10

G:\MINE PROSJEKT\Conradi Andersen\6 Prosjekt\66 REVIT
modell\TERRENG\LCA_terreng 2.rvt


03




Rev:	Revisjonsokid:	Dato:
arkitektur & design as gamlevegen 23, 6065 Ulsteinvik Mob 91531717 - georg@bucci.no		
Lars Conradi Andersen Bustad Herøy		
Kjellar		
Dato:	Tegnet:	Kontroll:
23.09.14	AL	GG
Mål:	Kommune:	G nr/5.nr:
1:100		
Bløkk nr:	Tegn nr:	Rev:
187.02	00	
GUMME PROSJEKT/Conradi Andersen/B Prosjekt566 REVIT modell/LCA_hus.rvt		



Rnr:	Revisjonstekst:	Dato:
arkitektur & design as gamlevegen 23, 6065 Ulsteinvik Mob 91531717 - georg@bucci.no		
Lars Conradi Andersen Bustad Herøy		
1.etasje		
Dato:	Tegnet:	Kontroll:
23.09.14	AL	GG
Mål:	Kommune:	Grunn nr.:
1:100		
Sak nr.:	Tegn nr.:	Rev.:
187.02	01	
<small>G:\WINE PROSJEKT\Conradi Andersen\Prosjekt\GG REVIT modell\CA_hus.rvt</small>		




Rev:	Revisjonstekst:	Dato:
 arkitektur & design as gamlevegen 23, 6065 Ulsteinvik Mob 91531717 - georg@bucci.no		
Lars Conradi Andersen Bustad Heier		
2.etasje		
Dato:	Tegnet:	Kontroll:
14.06.14	AL	GG
MM	Skemmer:	St/B/Tr:
1-100		
Sak nr:	Tegn nr:	Rev:
187.02	02	
G:\WINE PROSJEKT\Conradi Andersen\6 Projekt\66 REVIT modell\CA_hus.rvt		




05

Rev:	Revisjonstegn	Date:	
		arkitektur & design as gamlevegen 23, 6065 Vilesteinvik Mob 91531717 - george@bucci.no	
Lars Conradi Andersen Bustad <small>Henry</small>			
Terrengsnitt			
DATE:	23.08.14	Tegn nr:	AL
MAK:	1:200	Formidling:	GG
Skal nr:		Tegn nr:	11
Rev:		Rev:	
G:\ARBEI PROSJEKT\Conrad Andersen\Bustad\Prosjekt\GG REVIT mod\TERRENG\GCLA_01ning_2.rvt			



2 Snitt B-B
1 : 100



1 Snitt A-A
1 : 100


Rnr:	Revisjonsnr.:	Dato:
arkitektur & design as gamlevegen 23, 6065 Ulsteinvik Mob 91531717 - george@bucci.no		
Lars Conradi Andersen Bustad Herøy		
Snitt		
Dato:	Tegnet:	Kontroll:
23.09.14	AL	GG
Måst:	Skala:	Utsnitt:
1 : 100		
Sak nr.:	Tegn nr.:	Rnr.:
187.02	13	
G-WINE PROSJEKT/Conradi Andersen/6 Prosjekt/66 REVIT model/LCA_hus.rvt		




PERSPEKTIV 1




PERSPEKTIV 2



3 Fasade øst
1:100




2 Fasade vest
1:100



4 Fasade nord
1:100



1 Fasade sør
1:100

Riv:	Revisjonsstadi	Dato:	
	arkitektur & design as gamlevegen 23, 6065 Ulsteinvik Mob 91531717 - georg@bucci.no		
Lars Conradi Andersen Bustad Herøy			
Fasade			
Dato:	23.08.14	Tegnet:	AL
Skala:	1:100	Kommune:	GG
Sak nr.:		Tegn. nr.:	
		Rev:	
187.02		12	
G:\WINE PROSJEKT\Conradi Andersen\G\Prosjekt\GG REVIT model\CA_hus.rvt			

Naboklage Per Inge Remøy

Fra: Per Inge Remøy <per-inge.remoy@tussa.com>
 Sendt: 16. oktober 2014 23:53
 Til: Iver Olaf Grimstad
 Kopi: postmottak@heroy.kommune.no
 Emne: Re: Nabovarsel 26-164

Hei.

Viser til nabovarsel g/br. 26-164.

1. Vi reagerer på høgda på huset som er 9,30 meter. I og med det er rette veggjar heilt opp og i huset si lengderetning, blir det som ein vegg på ca. 18 meter vendt mot huset vårt. P.g.a. at huset har si lengste lengde nord - sør, vil dette ta vekk mykje av utsikta og kveldssola for oss. I henhold til reguleringsplanen er det 2 etasjer som er lov. Vi ber om at dokke tek hensyn til dette, e.v.t. fjerner fremste del av 3 etasje.

2. Viser til naboavtale pkt.3. Tegningsgrunnlaget er ufullstendig, perspektiv 2 og fasade øst er ikkje like, vindu på eine tegninga og dør på den andre. Avtala er at det ikkje skal annleggast opphaldsareal mot øst. Vi lurar derfor på om det er vindu eller dør som er tenkt der?

Mvh

Per Inge Remøy
 ----- Original Message -----
 From: Iver Olaf Grimstad
 To: 'Per Inge Remøy'
 Cc: postmottak@heroy.kommune.no
 Sent: Friday, October 10, 2014 4:11 PM
 Subject: SV: Nabovarsel 26-164

Hei,

vil berre stadfeste at epost-notaten om føreståande merknad på nabovarsel for Gnr. 26 b.nr. 164 er mottatt.

Eg dreiv akkurat og samanfatta forsendelsen av søknaden, så eposten kom «i grevens tid», akkurat på 14 dagars grensa.

Då seier vi det slik at vi ventar inntil fristen du foreslo (17. okt.) for å motta merknaden frå deg. Men det hadde sjølv sagt vore gunstig om du kunne sende kommentarane dine så snart som råd, innan dei næraste dagane, sidan tiltakshavarane er veldig klare på å kome seg vidare med planane.

På den andre side, om det er noko som framleis trengs å bli avklart med Lars Conradi Andersen og kona hans direkte (naboavtalen viser at de har hatt ein fornuftig dialog før), så er det kanskje ein god veg å gå.

I alle høve ønskjar vi å høyre frå deg så snart som råd.

God helg!

Med vennlig helsing

Dagleg leiar
 Iver-O. Grimstad
 Bucci Arkitektur & Design AS
 Mob: 41233955

Naboklage Per Inge Remøy

E-post: iver@bucci.no

Bucci besøksadresse: Sjøgata 21, 6065 Ulsteinvik
Bucci Postadresse: Postboks 21, 6067 Ulsteinvik
Bucci Arkitektur & Design AS organisasjons nummer: 994495585
Bucci Kontor Telefon: 70309630
Bucci Kontor Epost:
Senior Siv. ark. Georg Grimstad mobil: 91531717
Senior Siv. ark. Georg Grimstad epost: georg@bucci.no

Fra: Per Inge Remøy [mailto:per-inge.remoy@tussa.com]
Sendt: 10. oktober 2014 14:46
Til: iver@bucci.no
Kopi: postmottak@heroy.kommune.no
Emne: Nabovarsel 26-164

Hei.

Eg stadfestar å ha motteke nabovarsel ang. Lars Conradi Andersen bustad (26-164).

Eg har nettopp kome heim frå sjø, og treng derfor litt meir tid å studere nabovarsalet. Eg kjem med merknadar innan 17.10.14.

Mvh
Per Inge Remøy.

Eivind Flåskjer

Fra: Per Inge Remøy [per-inge.remoy@tussa.com]
Sendt: 10. november 2014 09:20
Til: Eivind Flåskjer
Emne: Re: merknad til byggesak
Vedlegg: Fasade øst.pdf

Hei.

Viser til mailen frå deg 05.11.14.

Vi ønsker at minimum 4 meter av fremre del av 3 etasje vert fjerna (dersom det blir gjeve dispensasjon til 3 etasjer). Øverste etasje vil då starte på linje med vegg på den minste arka vår . Vi har då muligheit til å få sjå litt av himmelen i frå stova, der dei fleste vindua er vendt mot vest. Og frå altanen vil vi få meir kveldsol. Slik teikningane er no, med full lengde på 3 etasje, vil dette verte veldig dominerande og ta all utsikt mot vest frå oss. Mykje av grunnen til at vi bygde her, var den flotte utsikta.

I og med at vi har ein avtale om bygging av delar av garasje innanfor 4 meters grensa (med forbehold), ber vi om at det vert teke hensyn til dette.

Mvh

Per Inge Remøy

----- Original Message -----

From: [Eivind Flåskjer](#)
To: per-inge.remoy@tussa.com
Cc: [Iver Olaf Grimstad](#) ; [Lars Conradi Andersen](#)
Sent: Wednesday, November 05, 2014 2:50 PM
Subject: merknad til byggesak

Byggesak 2013/6 - 26/164

I din merknad nr 1 set du fram ønske om å fjerne fremste del av 3 etg til omsøkt nybygg på 26/164 - kan du utdjupe dette? Kva omfang ligg i merknaden - kom gjerne med konkret målsetting.

Helsing


EIVIND FLÅSKJER
Utviklingsavdelinga - Byggesak

7008 1300/7008 1354

www.heroy.kommune.no

3

Fasade øst



Nabomerknad Bjørn Halfdan Leine

Fra: Bjørn Halfdan Leine <bhleine@gmail.com>
Sendt: 15. oktober 2014 23:21
Til: Iver Olaf Grimstad
Emne: Re: Byggesøknad

Hei,

Viser til byggesøknad i Herøy kommune Gnr 26, Bnr. 164, hvor jeg har følgende merknader:

Utnyttelsesgrad:

Utvidet utnytting av areal fra krav på 20% til ønske på 25,3% er av betydelig økning.

Begrunnelse med at lite areal på tomten ikke er dekkende for å utvikle et boligprosjekt for tiltakshaver, tilsier at tiltakshaver har ervervet seg feil tomt i forhold til behov.

Økt antall etasjer

Dispensasjon for å øke fra krav på 2 etasjer til 3 etasjer og i tillegg basere seg på flatt tak, gjør at det prosjekterte huset blir svært ruvende fra sør og faller ikke innenfor det som er av annen bebyggelse på nabotomter.

Mvh,
Bjørn Halfdan Leine

2014-10-13 15:58 GMT+02:00 Iver Olaf Grimstad <iver@bucci.no>:

Hei,

OK.

Vi ser fram til å høyre frå deg så snart som råd, slik at vi kan ta merknadane dine med i søknaden til kommuna.

Får du sjansen til å skrive noko med ein gong du er heime, sidan 14 dagars fristen allereie er ute?

Med vennlig helsing

Dagleg leiar
Iver-O. Grimstad
Bucci Arkitektur & Design AS
Mob: 41233955
E-post: iver@bucci.no

Bucci besøksadresse: Sjøgata 21, 6065 Ulsteinvik
Bucci Postadresse: Postboks 21, 6067 Ulsteinvik
Bucci Arkitektur & Design AS organisasjons nummer: 994495585
Bucci Kontor Telefon: 70309630
Bucci Kontor Epost:
Senior Siv. ark. Georg Grimstad mobil: 91531717
Senior Siv. ark. Georg Grimstad epost: georg@bucci.no

Fra: Bjørn Halfdan Leine [mailto:bhleine@gmail.com]
Sendt: 10. oktober 2014 22:47
Til: iver@bucci.no
Emne: Byggesøknad

Hei,

Viser til byggesøknad for Lars Conradi Andersen.

Jeg er på reise og er tilbake mandag 13.10.

Jeg har noen kommentarer til byggesøknaden og vil komme med disse så snart jeg er tilbake.

Mvh,

Bjørn Halfdan Leine

Nabomerknad Bjørn Halfdan Leine



REGULERINGSFØRESEGNER TILKNYTTA REGULERINGSPLAN
FOR LEINE, DEL 1, HERØY KOMMUNE

§ 1.

Det regulerte området er på planen vist med reguleringsgrense. Arealet innanfor denne grensa er regulert til :

- I. Byggeområde for :
 - bustader
 - off. bygg
 - almennyttige bygg
 - forretning m.m.
- II. Off.trafikkområde :
 - køyreveg
 - gangveg
 - parkeringsplass
- III. Friområde :
 - leikeplass, turveg
- IV. Spesialområde :
 - friluftsområde
- V. Fellesområde :
 - felles avkøyrse
 - felles hageareal

§ 2.

Reguleringsføresegnene kjem i tillegg til plan- og bygningslova og gjeldande bygningsvedtekter for Herøy kommune. Det er ikkje tillate ved private sårrettar å etablere tilhøve som strid mot desse føresegnene.

§ 3.

Unnatak frå reguleringsføresegnene kan, der særlege grunnar talar for det, tillatast av bygningsrådet innanfor ramma av plan-og bygningslova og bygningsvedtektene.

